



SUNNFJORD OG YTRE SOGN JORDSKIFTERETT

Postboks 325, 6802 FØRDE

Kontoradr.: Hafstadvegen 48

Telefon 57 72 32 60 - Telefax 57 72 32 62 - Postgiro 0804 4250 668 - Bankgiro 3700 0715 051

Epost: postmottak@jsv-sf.stat.no

Sakshandsamar:

Dykkar ref:

Vår ref:

VO jnr. 899/03

Dato:

01.12.03

Landbruksdepartementet
Seksjon jordskifte
Postboks 8007 Dep.
0030 Oslo

Saksnummer		Dokument	
03/2189		31	
Mottatt		02 DES 2003 ASR/JSK	
OAF		420	

Høyringsuttale til rapporten:

Forslag til jordskiftevirkemidler i byer, tettsteder og hytteområder – "urbant jordskifte"

Høyringsfristen er sett til 1. desember 2003.

Vi har følgjande synspunkt på nokre av dei lovendringar som er føreslått:

§ 1, nytt tredje ledd:

Vi er samde i at det i jordskiftelova bør komme ein uttrykkeleg regel om lova sitt geografiske virkeområde. Gjeldande rett skaper ein del uheldige tvilstilfelle om jordskifteretten har kompetanse eller ikkje. Ved vårt kontor har vi i ein del tilfelle gått til det skritt å fråå grunneigarar å krevje jordskiftesak fordi eigedomane og/eller sakstemaet utvilsamt låg i "randsona" av jordskifteretten sitt kompetanseområde, sjølv om det elles nok kunne vore aktuelt å bruke jordskiftevirkemiddel. Ingen, korkje grunneigarar eller jordskifteretten som særdomstol, er tent med at det må gjennomførast lange og kostbare rundar i rettssystemet for avklaring om akkurat den saka kan fremmast ut frå dagens regelverk.

§ 2 ny bokstav h:

Jordskifteretten er vand med sjølv å utarbeide skifteplan og gjennom den føreta fordeling av arealverdiar og anna som er i skiftefeltet.

Med den sakstypen som no vert føreslått i ny bokstav h, vil "skifteplanen" på ein måte ligge fast gjennom eit planvedtak før jordskifteretten kjem på bana. I enkelte høve kan det kanskje vere uheldig, viss ein skulle tenke seg den situasjonen at ein vedteken plan slett ikkje er optimal og lett kunne ha vore betre om ein hadde tenkt jordskifteliknande tiltak på eit tidlegare tidspunkt. Men i eit slikt høve lyt vel planen uansett leggjast til grunn.

Vi reknar med at ein ny bokstav h lett vil kunne føre til ny kritikk av typen at jordskifteretten er eit plangjennomføringsorgan for forvaltninga. Det er såleis viktig at det vert utvist betydeleg skjønsemd i arbeidet med å innføre ein slik ny lovregel som her vert føreslått.

Ny § 2A:

Mest av alt er vi spent på om arealmekling vil slå gjennom som virkemiddel. Kanskje bør "privat" mekling prioriterast framfor "offentleg" mekling, slik at partane uttrykkeleg må seie frå dersom dei ynskjer at ein jordskiftedommar skal førestå meklinga, jf. utkast til forskrift om forsøksordning med arealmekling § 4.

§ 3 ny bokstav c:

Første ledd vil nok gje ein del utfordringar i å talfeste skiftegevinsten, og ikkje minst å talfeste kor mykje kvar eigedom har rett på av denne gevinsten. I mange tilfelle vil vel slik talfesting i stor grad vere skjønsmessig. Ut frå dette bør lovteksten utformast noko lausare, slik at eit jordskifte kan gjennomførast sjølv om vilkåret om at kvar eigedom skal få sin del av nytten ikkje fullt ut er oppfylt.

Andre ledd forstår vi slik at regelen i realiteten er den same som "grunnregelen" i § 3 bokstav a. Er det då ikkje tilstrekkeleg å vise til § 3 bokstav a i dette tilfellet? Dersom det er slik at andre ledd nærmast er tenkt som ei mellomform mellom § 3 bokstav a og § 3 bokstav c første ledd, så bør det komme fram på eit eller anna vis slik at det ikkje oppstår tolkingsvanskar.

§ 5 nytt andre ledd:


Her er uttrykket "gjennomføring av detaljplan" brukt. Dette kan igjen forståast som jordskifteretten som plangjennomføringsorgan, og vi viser igjen til den kritikken som nettopp har kome frå juristhald om dette. Formuleringa bør gjennomtenkjast.

Vidare bør bruken av ordet "føresegna" gjennomtenkjast og kanskje bytast ut med "regelen". På nynorsk vert ordet føresegn og nytta i same betydning som forskrift, og det er vel ikkje det som er meininga i dette tilfellet.

§ 34 a første ledd:

Endringa er viktig og vil langt på veg ta bort dei tolkingsvanskar som dagens lovtekst skaper.

Med helsing



Vidar Otterstad
jordskifterettsleiar